



Ole Morten Tysse
Kvernhusrinden 8
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6585 - 22/97500


Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2022


Svar på førespurnad om parkering - gbnr 102/36 Vabø

Førespurnad om parkering m.m.

Vabøvegen er ut frå matrikkelinformasjon eigd av kommunen. Vegskulder som du viser til på det eine kartet, er etter det vi kan sjå ein del av privat eigedom med gbnr. 102/2. Sjå bilete:



På det andre kartet er det vist til parkering i området på bilete:



Dersom du ynskjer å etablere nytt parkeringsareal langs veg, vil dette vere eit søknadspliktig tiltak etter pbl.§20-1 bokstav i). Dersom det skal etablerast slikt parkeringsareal innanfor arealføremål LNF, vil dette krevje dispensasjon. Det er vidare mogeleg at tiltak vil krevje dispensasjon frå pbl.§1-8 for byggegrense mot sjø, ettersom skildra plassering ser ut til å vere nærmare sjø enn 100 meter.

Dersom det skal etablerast parkeringsareal på ein annan manns grunn, må det leggjast med dokumentasjon som syner at privatrettslege tilhøve er i orden for gjennomføring av slikt tiltak, jf. pbl.§21-6.

Minner om at eventuell ny parkeringsrett må tinglysast på eigedom, slik at den er sikra med varig karakter.

Det vil vidare vere naudsynt med nytt avkøyringsløyve til kommunal veg. Slikt løyve må søkjast til avdeling for Samferdsle-, veg-, vatn-, og avløp – forvaltning.

Spørsmål om rett til å sette opp skilt og sperre parkering

Dette er i hovudsak eit privatrettsleg spørsmål som kommunen ikkje legg seg opp i. Ved ynskje om å etablere parkering, eller eventuelt nytte eksisterande parkering, må ein vise til at privatrettslege rettar er i orden.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ole Morten Tysse

Mottakarar:

Mottakarar:
Ole Morten Tysse

Kvernhusrinden 8

5281 VALESTRANDSFOSSE
N